

SAKSPROTOKOLL

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:

1. Kommunal vigsel der minst ein av ektefolka er busett i kommunen, eller for personar busett i utlandet, som fyller vilkåra for å gifta seg her, er gratis under føresetnad av at vigsel vert gjennomført på Rådhuset i tidsrommet måndag til fredag frå kl. 09:00 til kl. 15:00.
2. Tysnes kommune gjev tilbod om å vigsla ektefolk der ingen av desse er busett i kommunen. Under føresetnad av at vigsel vert gjennomført på Rådhuset måndag til fredag frå kl. 09:00 til kl. 15:00 kjem det eit gebyr for dette tilsvarande kr. 1500,-
3. Tysnes kommune kan gjera særskilt avtale om gjennomføra vigsel også for anna tid enn måndag til fredag frå kl. 09:00 til 15:00 . I desse tilfella kjem det til eit gebyr tilsvarande kr. 1500,-
4. Tysnes kommune kan gjera særskilt avtale om gjennomføra vigsel også for anna stad enn rådhuset for desse tilhøve kjem det til følgjande gebyr:
 - a. Det vert rekna eit generelt gebyr for reise tilsvarande kr. 1000.-
 - b. Dersom det er særskilt omfattande reise for å koma til vigselstad kan reisekostnader verta fakturert etter faktisk kostnad.
 - c. Reisetid vert fakturert med kr. 1000,- per påbyrja time etter første time.
5. Kostnader etter punkt 3 og 4 kjem i tillegg til kostnader som følgjer av punkt 2.
6. Ektefolket må sjølv syta for og dekkja eventuelle meirkostnader til blomster, kulturelle innslag og eventuelt leige for alternativ stad for vigselseremoni.